

# FRAMLEGG

til endringar organisasjonsplanen.

Endringane er merka raudt i teksta.

## ORGANISASJONSPLAN FOR HAREID IDRETTLAG

Adresse: Myravegen 12, 6060 HAREID

Postadresse : Postboks 129, 6069 HAREID

Organisasjonsnummer: 971370610

Heimeside: [www.hareidil.no](http://www.hareidil.no)

Medlem av Hareid Idrettsråd.

Vedteken på ekstra årsmøte 04.10.2012, med seinare endringar 05.02.2013, 14.02.2013 og sist på årsmøte 2017, 02.03.2017, årsmøte 2020, 12.03.2020, årsmøte 2022, 23.03.2022 og årsmøte 2023, 22.03.2023

### FØREMÅLET MED PLANEN:

1. Gi oversikt over korleis Hareid idrettslag er organisert, med oversikt over ressursar og korleis desse er nytta. Budsjetta gir til ei kvar tid oversikt over utnytting av økonomien.
2. Koordinere den overordna aktiviteten i laget.
3. Klargjere ansvarstilhøve og oppgaver mellom tillitspersonane.
4. Betre den interne og eksterne informasjonen
5. Definere utøvaransvar og klubbansvar.
6. Å kunne betre ta vare på og utnytte eigedelane klubben ha og anlegga klubben disponerer
7. Å arbeide for å få gjennomført intensjonane NIF har om barneidrett, breiddeidrett og konkurranseidrett.

### OVERORDNA MÅLSETJINGAR OG HALDNINGAR

1. Hareid idrettslag ynskjer å gi innbyggerane i Hareid eit breitt og godt idrettsleg tilbod i eit godt miljø, både i breidde og konkurransesamanheng.
2. Hareid IL skal vere eit lag som ein gler seg av å vere medlem i og kome til, for utøvarar, dommarar, leiarar og andre.

3. Alkohol og andre rusmiddel skal ikkje brukast i samband med aktivitetar der ein representerer Hareid IL.
4. Hareid IL vil arbeide aktivt mot mobbing og trakassering.
5. Hareid IL aksepterer ikkje reklame/signalisering av liberale haldningar til narkotika, i form av gjenstandar, klede, smykke, teikningar, plakatar etc, med symbol som vert brukte i narkotikamiljø.
6. Klubbhuset skal vere tilgjengeleg for alle, og vere ein naturleg stad å møtest.
7. Utøvarar, leiarar, trenarar, dommarar og andre i oppdrag/teneste for laget skal representere laget på ein verdig måte. Å vere medlem av Hareid IL forpliktar både laget og den enkelte til å innrette seg etter dei til ei kvar tid gjeldande lover og reglar, og vere bevisste på at ein er rollefigurar

## **HOVUDSTYRET**

Har ansvar for all aktivitet på overordna nivå og oppgåver som treng koordinering for fleire grupper, som t.d.

1. Planlegge og leie overordna drift og strategi i laget, her under tilsette og instruere dagleg leiar, inngå avtalar som driftsavtalar med kommunen, ekstern rekneskapsføring og sponsor- og samarbeidsavtalar.
2. Tilrå til årsmøtet og gjennomføre årsmøtet og overordna idrettsmynde sine vedtak.
3. Vurdere økonomiske tilhøve/behov i heile laget og fordele midlar til gruppene i laget.
4. Utnemne overordna komitear og utval etter mynde frå årsmøtet. 5. Representere laget overfor media, myndigheiter og andre.
6. Stå føre intern og ekstern informasjon på overordna nivå.
7. Ha ansvar for drift og økonomi for klubbhuset.
8. Fastsetje/fordele idrettslaget sine trenings- og konkurransetider i Hareidhallen.

Hovudstyret er samansett av leiar, nestleiar og 3-6 medlemmer og med 2 varamedlemmer.

**Leiar** vert vald for eitt år om gongen, og har desse hovudoppgåvene:

- a. Dagleg leiing og ansvar, kontaktperson i styre overfor dagleg leiar og ha god kontakt i laget, lokalsamfunnet generelt og media.
- b. Leie styremøta.
- c. Ha oversikt over hovudlaget sine bankkonti.
- d. Sjå til at overordna vedtak og rapporteringar vert gjennomførde til rett tid.
- e. Ansvar for at det vert søkt kommunale midlar, gitt uttalar etc
- f. Ansvarleg for innsamling av årsrapportar/årsmeldingar frå gruppene og underutval.
- g. Rett til å møte på alle møter i underutval/styrer i laget med tale/forslagsrett, men utan stemmerett

**Nestleiar** vert vald for 2 år om gongen, og har desse oppgåvene:

- a. Fungere som leiar når leiaren er fråverande. Intensjonen bør vere at nestleiararen seinare blir leiar/er leiarkandidat.

Dei andre medlemmane og varamedlemmane blir valde for 2 år om gongen.

Etter avtale i styret kan enkeltmedlemmer få spesielle oppgåver.

**DAGLEG LEIAR** har desse oppgåvene:

- a. Sørge for at økonomi- og personalforvaltning blir gjennomført etter norsk lov, HIL si lov og organisasjonsplan, styret sine retningslinjer og gjeldande budsjett. Her under at post- og faktura-handsaming og distribusjon vert gjennomført raskt, og at økonomirutinar blir vedlikehalde og etterlevd.
- b. Samarbeide med HIL sine sponsorar, skaffe nye og legge til rette for felles aktivitetar med sponsorane.
- c. Sørge for forsvarleg og økonomisk drift av idrettsanlegg og klubbhus, inkludert å marknadsføre utleige av festlokala.
- d. I samråd med Styret å ta vare på samarbeid med Hareid kommune (inklusive treningstider i Hareidhallen), NIF og tilhøyrande særforbund, og sjå til at overordna vedtak og rapporteringar vert gjennomført.
- e. Å gi råd og hjelpe gruppene innan HIL med å utvikle deira sine arrangement (FFO, cupar og andre tilstellingar).
- f. Utvikle og sette i verk tiltak som styrkar HIL sin posisjon i Hareid.
- g. Ansvar for å vedlikehalde rutinar for politiattest, og at desse blir etterlevd i gruppene.
- h. Ivareta NIF sine datasystem innan KlubbAdmin og vår eigen [www.hareidil.no](http://www.hareidil.no)
- i. Delta i hovudstyremøter.

**NEMNDER OPPNEMND AV HOVUDSTYRET:**

Sponsornemnda, Nordvest Maraton og eventuelle andre nemnder blir oppnemnd ved behov.

**Heidersmerkenemnda** vert vald av årsmøte. Denne har eigne retningslinjer.

Hareid idrettsråd.

2 medlemmer frå HIL blir vald av årsmøte. Til vanleg bør leiaren og ein annan frå styret vere representert i idrettsrådet.

Oppgåver for HIL sine medlemmer i rådet:

- a. Sørge for at Hareid IL sine interesser vert ivaretekne på ein god måte
- b. Sørge for at idrettsrådet har oppdaterte styringslover/vedtekter godkjende av idrettslaget
- c. Arbeide aktivt for å betre økonomien til idretten i kommunen
- d. Kartlegge anleggsbehova i laget og synleggjere/prioritere desse i rådet
- e. Informere politikarane om idretten/HIL sine behov

f. Synleggjere HIL sine behov for treningstider

g. Ha god kontakt med HIL sine styringsorgan før viktige avgjerder i rådet.

## **GRUPPER I HAREID IDRETTSLAG**

Hareid IL har i dag følgjande grupper:

Fotballgruppa, Handballgruppa, Friidrettsgruppa, Turngruppa og Trimgruppa. Alle gruppene har egne gruppestyre og rapporterer til årsmøtet i laget om aktivitet og økonomi.

Gruppestyra skal sjølve handsame alle faglege saker som gjeld gruppa si idrettsgrein.

Gruppene handlar sjølvstendig i alle saker som etter lovverket, organisasjonsplan eller hovudstyrevedtak ikkje skal godkjennast av hovudstyret/årsmøte i laget.

Dei gruppene som har aktivitet for mindreårige skal ha ein person som har ansvar for ivaretaking av politiattestrutiner.

Alle gruppene har ansvar for eige arkiv.

Oppløysing og oppretting av ei gruppe kan berre gjerast på årsmøte i Hareid I.L etter tilråding frå gruppestyret med to tredjedels fleirtal.

Samanslåing med andre grupper ser ein ikkje på som oppløysing/nedlegging av ei gruppe.

Eigedeler etter ei eventuell nedlegging av ei gruppe, tek hovudlaget hand om.

Gruppestyra har kvar for seg sine egne organisasjonsplanar.

## **DRIFT AV IDRETTSANLEGGA**

**HIL eig og disponerer fritt Basishallen, disponerer brukstider i kommunalt eigde Hareidhallen, Hareid Stadion (gras), Hareidsmyrane stadion (kunstgras) og Hadarhallen med tilhøyrande hus. I tillegg leiger turngruppa lokale i Ekornesfabrikken.**

Det er inngått driftsavtale med kommunen om bruk av dei kommunale anlegga. Fotballgruppa og friidrettsgruppa er i avtalen «drivarar» av anlegga ute.

Desse to gruppene har avtale seg-imellom der dei har fordelt oppgåver/utgifter/inntekter ved utleige. Det bør utarbeidast skriftleg avtale om denne oppgåvefordelinga.

Gruppene utpeikar kontaktperson til kommunen, samt person som koordinerer utleige.

«Bananemnda» har mynde til å stenge anlegga, eller deler av dei, i spesielle høve, t.d. om grasbana ikkje kan nyttast til trening eller kampar.

Gruppene kan/bør sjølve utarbeide/ajourføre retningsliner, og deretter orientere hovudstyret.

Gruppene vert sjølve samde om korleis fakturering av leige skal gjennomførast, og kven av gruppene som skal ha leigeinntektene. Kommunen vedtek kvart år utleigesatsar.

**Basishallen og rullerkeisebanen og Klubbhuset er fullt og heilt eigd av Hareid IL v/hovudstyret. Disponering av Hareidhallen vert gjort i samråd med kommunen.**

**Driftsutgiftene med basishallen vert etter avtale fordelt med 2/3 på turngruppa og 1/3 på hovudstyret.**

## **MEDLEMSKONTINGENT OG TRENINGSavgIFT.**

Årsmøtet vedtek medlemskontingent for påfølgande år på årsmøtet kvart år. Denne går til hovudlaget.

Utensing kontingentkrav skal skje i januar/februar.

Alt: Utensing av faktura om kontingentinnbetaling skal skje i løpet av februar (straks etter årsmøtet).

For å vere med i trenings- og konkurranseaktivitet i og for laget, er det eit krav at ein er medlem av laget, og at medlemskontingenten og eventuell treningsavgift er betalt.

Etter 2 år utan betaling vert ein stroken som medlem.

Kvar gruppe kan på gruppeårsmøta, vedta å fastsette og krevje treningsavgift for sine aktive medlemar.

## **POLITIATTEST**

Det er eit offentleg krav at personar som skal vere leiarar og/eller trenarar for mindreårige skal vise politiattest. Det er utarbeidd retningslinjer for framvising av politiattest. Gruppeleiaren i kvar gruppe er ansvarleg for at alle trenarane og andre i gruppa som har ansvar for mindreårige legg fram politiattest kvart tredje år. Kontaktperson for dette i hovudlaget er dagleg leiar.

Ingen har lov å arbeide med mindreårige i laget før godkjend politiattest er vist fram.

## **ÅRSMØTE**

Gruppene i Hareid IL er i stor grad sjølvstendige einingar som held sine gruppeårsmøte/årlege møte i god tid før hovudstyret sitt årsmøte.

Desse (årsmøta) årlege møta er å sjå på som ein del av ein samla «årsmøteprosess» i laget, og skal følgje same mønster som hovudlaget, jamfør lova §13, med unntak av ei halvering av tidsfristane i § 13.2. Gruppene skal ha eigne revisorgodkjende rekneskap.

Årsmøtet i hovudlaget skal haldast innan utgangen av veke 11 (9) (innan utgangen av mars), etter at alle årlege møta i gruppene (gruppeårsmøta) er avvikla.

Årsmøtet i hovudlaget har eit overordna ansvar for laget, og skal godkjenne/ta til vitande dei vedtak, spesielt av økonomisk karakter, og alle vala som gruppene har gjort. På årsmøte i hovudlaget legg gruppene fram si årsmelding i forhold til drift, økonomi og val, samt underskrive referat frå årleg møte (gruppeårsmøtet) og underskriven revisjonsmelding.

## **ØKONOMISTYRING**

Hareid I.L følgjer dei rekneskapsføresegnene som gjeld for idrettslag, og rekneskapan blir utført av Driv Økonomi AS. Dei nyttar eit webbasert system som medfører at HIL sin administrasjon kan utføre delar av rekneskapsføringa. (Dei disponerer alle laget sine kontoar og står føre alle utbetalingar.)

Vidare vert det presisert at:

- a. Alle innkjøp/utbetalingar skal vere i samsvar med HIL si fullmaktsmatrise. Det er ein føresetnad at innkjøp/godkjenningar ligg innanfor godkjent budsjett.
- b. Alle fakturaer skal attesterast av «godkjenningar» i gruppene og deretter tilvisast av dagleg leiar eller hovudstyreleiar.

c. Gruppene har egne kontoar i gruppa sitt namn. Gruppestyra kan ha innsynsrett til egne konti. Alle kontoar skal disponerast av Dagleg leiar og Hovudstyreleiar, og utbetalingar skjer først etter at "godkjennar" i gruppa og "tilvisar" (dagleg leiar/hovudstyreleiar) har godkjend utbetalinga.

d. Reiserekningar ev andre utleggskrav skal leggest fram i underskriven stand med tydelege opplysningar kva rekninga gjeld og kvitteringar før utbetaling. e. Reiserekningar skal leverast innan 2 mnd etter reise. Det skal som hovudregel brukast eige skjema for løn, dommarutgifter, honorar etc f. Tilsettingar skal godkjennast av hovudstyret så sant ikkje noko anna er bestemt/delegert.

Revisor vert engasjert av årsmøtet i HIL, og engasjementet gjeld alle gruppene og hovudlaget.